



Westland Hotel AS

5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4036 - 15/19725

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
19.05.2015

## Reaksjon - brot på alkohollova, Westland hotel

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Westland Hotel AS

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
028/15	Formannskapet	PS	30.04.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	14/4036

## Reaksjon - brot på alkohollova, Westland hotel

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

For skjenking av alkohol til person som ikkje oppfyller alderskrava blir Westland hotel belasta med 7 prikker, jfr. kommunens alkoholpolitiske plan avsnitt II-2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova» pkt. 3.4 «Det blir skjenka/ selt til eller av personar som ikkje oppfyllar alderskrava». Viser også til alkohollova § 1-5 «Aldersgrense», annet avsnitt:

*«Salg, skjenking eller utlevering av alkoholholdig drikk med lavere alkoholinnhold enn 22 volumprosent må ikke skje til noen som er under 18 år.»*

Grunnlaget for reaksjonen er at alkoholkontrollen fredag 17. oktober 2014 avdekket at hotellet skjenka alkohol til ein ein mannleg gjest under 18 år. Vedkomande drakk øl av merket «Heineken».

Eit formildande moment i tildelinga av tal prikker er at det ved hotellet ikkje tidlegare er blitt avdekket alvorlege brot på alkohollova.

Hotellet må følge opp alkoholkontrollørens råd og rettleiing for m.a. kontroll av aldersgrense, jfr. m.a. alkoholkontrollørens mail av 17.03.2015 til Lindås kommune.

Tal alkoholkontrollar ved Westland hotel blir å auke.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova § 1-16. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivil søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

### Formannskapet - 028/15

#### **FO - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot ei røyst (S.Hauge-Ap).

#### **FO - vedtak:**

For skjenking av alkohol til person som ikkje oppfyller alderskrava blir Westland hotel

belasta med 7 prikker, jfr. kommunens alkoholpolitiske plan avsnitt II-2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova» pkt. 3.4 «Det blir skjenka/ selt til eller av personar som ikkje oppfyllar alderskrava». Viser også til alkohollova § 1-5 «Aldersgrense», annet avsnitt:

*«Salg, skjenking eller utlevering av alkoholholdig drikk med lavere alkoholinnhold enn 22 volumprosent må ikke skje til noen som er under 18 år.»*

Grunnlaget for reaksjonen er at alkoholkontrollen fredag 17. oktober 2014 avdekket at hotellet skjenket alkohol til en mannlig gjest under 18 år. Vedkommende drakk øl av merket «Heineken».

Eit formildande moment i tildelinga av tal prikker er at det ved hotellet ikkje tidlegare er blitt avdekket alvorlege brot på alkohollova.

Hotellet må følgje opp alkoholkontrollørens råd og rettleiing for m.a. kontroll av aldersgrense, jfr. m.a. alkoholkontrollørens mail av 17.03.2015 til Lindås kommune.

Tal alkoholkontrollar ved Westland hotel blir å auke.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova § 1-16. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

#### **Saksopplysningar:**

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol

Saka skal avgjerast i Formannskapet

#### **Kontrollutvalet for alkohol - møte 27.mars 2015**

Samrøystes uttale i saka frå Kontrollutvalet for alkohol er identisk med rådmannens framlegg.

(Samtlege tre medlemmer møtte: Arild Stangeland, Nina Øvreås og Ingrid Hindenes).

#### **Bakgrunn**

Alkoholkontrollen avdekket 17.oktober 2014 følgjande brot på alkohollova ved Westland hotel:

*«Ved kontroll av legitimasjon ble en mannlig gjest under 18 år observert mens han drakk alkohol. Gjesten var født 28.10.1996. Vedkommende drakk øl av merket Heineken.»*

I skriv av 18.12.2014 bad kommunen om uttale til hendinga frå Westland hotel. Westland hotel as v/Runar E. Hilland svarar 15.01.2015 slik:

*«Den 17.10.2014 ble det avholdt skjenkekontroll på Westland Hotel. Det ble under en rutineundersøkelse av legitimasjon sammen med skjenkekontrollør oppdaget et avvik på en mannsperson som ikke var fylt 18 år. Personen var født 28.10.1996. Dette er noe Westland Hotel ser svært alvorlig på selv om det kun manglet noen dager på av*

vedkommende var fylt 18 år.

*Westland Hotel utøver en streng adgangskontroll. Alle våre gjester blir spurt om å vise legitimasjon ved ankomst. I tillegg er det oppslag som viser aldersgrense og at alle skal vise legitimasjon. Dersom gjester ikke har legitimasjon vil de ikke få adgang til våre lokaler. Vi har gjennomgått våre rutiner og funnet som eneste løsning på denne hendelsen at det har vært bruk av falsk legitimasjon som vi dessverre ikke har oppdaget.*

*Legitimasjonsforfalsking kan vere vanskelig å oppdage, forsøk på bruk av falsk legitimasjon, ofte med dyktig utførte forfalskninger forekommer hyppig overfor butikker og serveringssteder. Dette er eit problem i samfunnet som både vi, politiet og andre myndigheter prøver etter beste evne å få bort. Vi har et godt samarbeid med politiet på dette området og alle forsøk på bruk av falsk legitimasjon blir umiddelbart anmeldt. Politiet ankommer så stedet og førfølger saken i henhold til deres prosedyrer. Videre blir vedkommende utestengt fra våre lokaler i to år.*

*Vi beklager på det sterkeste avviket som ble oppdaget i skjenkekontrollen den 17.10.2014. Westland Hotel bestreber til enhver tid å følge retningslinjene som er gitt i alkoholloven. Hotellet har jevnlig kontroll av skjenkekontrollør og har ikke tidligere fått anmerkninger. Vi håper at kommunen har forståelse for vanskeligheten vedrørende legitimasjonsforfalsking og tar hensyn til dette i det videre arbeidet med rapporten.»*

## **Vurderingskriterier**

### **II – 2.10 Reaksjonar ved brot på alkohollova**

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og forutsigbart reaksjonssystem i dei tilfelle alkohollova sine bestemmelser ikkje overhaldne.

Brot på alkohollova eller alkoholforskrifter blir inndelt i 3 grupper:

#### **1 Mindre alvorlege brot, 1 prikk**

- 1.1 Manglar alkoholfrie alternativ
- 1.2 Manglar ved skjenkekart
- 1.3 Brot på reklamebestemmelsene

#### **2 Alvorlige brot, 2 prikker**

- 2.1 Alkohol blir teke med utanfor godkjend skjenkeareal, eller medbrakt alkohol/alkohol blir nytt i salslokalet
- 2.2 Det blir gitt fortsatt alkoholserving ved bord der openberr rusa person ikkje er vist ut.
- 2.3 Manglande eller svært store manglar ved internkontrollhåndboka

#### **3 Svært alvorlige brot, 5 til 8 prikker**

- 3.1 Skjenking/ sal ut over tillatt skjenketid/ salstid
- 3.2 Openberr rusa blir gitt adgang til skjenkestaden/ blir ikkje vist ut før kontrolløren gjør merksam på forholdet
- 3.3 Det blir skjenka/ selt til openberr rusa person
  1. Det blir skjenka/ selt til eller av personar som ikkje oppfyllar alderskrava

4 Ved bot på retningslinenes pkt. 3.3. og 3.4. skal det som hovudregel bli reagert med ei inndragning av løyvet på 2 veker allereie etter første gongs brot, dersom det ikkje ligg føre

særleg formildande eller skjerpande forhold.

## Vurdering

Vedkomande alkoholkontrollør kommenterar i mail av 17.03.2015 hotellets påstand om legitimasjonsforfalskning som årsak til brotet på alkohollova slik:

*«.....Kontrollen ble foretatt en fredag når hotellet hadde 18 års aldersgrense i lokalet. Jeg gjennomførte kontroll av aldersbevis på flere av gjestene. Og det var i den forbindelse at jeg avdekket at alderen på en av gjestene var under 18 år. Beviset som ble forelagt var et ordinært bankkort. Bankkortet ble vist umiddelbart ved forespørsel og det fremkom ikke noen innsigelser eller behov for å hente bevis i jakke eller annet sted. Mitt inntrykk er således ikke i samsvar med den forklaringen som Westland hotell gir om at vedkommende brukte falsk legitimasjon.*

*Generelt kan jeg si at Westland hotell synes å ha tilfredsstillende rutiner for hvorledes de skal løse oppgavene med bla. kontroll av aldersgrense på skjenkestedet. Disse rutinene har også over en lang tid blitt fulgt opp på en god måte av de som arbeider ved skjenkestedet. Men jeg har ved de siste kontrollene tatt opp med den ansvarlige på tidspunktet for kontrollene, at de har behov for å gjøre forbedringer når det gjelder arbeidet ved inngangen. Jeg har påpekt at vaktene ikke snakker godt nok sammen slik at det oppstår korte perioder hvor gjester kan gå inn og ut, uten av det er vakter til stede ved inngangen. Det fremstår også periodevis som litt uklart hvor en foretar kontroll av aldersbevis. Gjøres det ved inngangsdøren til hotellet eller etter garderoben ved inngangsdøren til selve baren.....»*

Westland hotel erkjenner brotet på alkohollova, men grunngir dette ved at det ligg føre legitimasjonsforfalskning.

Rådmannen fester lit til vedkomande alkoholkontrollør si forklaring at legitimasjonsbeviset var eit ordinært bankkort.

Rådmannen rår til at kommunen reagerar på brotet ut frå avsnitt II – 2.10 Reaksjonar ved brot på alkohollova pkt. 3.4 i alkoholpolitisk plan: hotellet har skjenka alkohol til person som ikkje oppfyller alderskrava.

Ved bot på retningslinenes 3.4. skal det som hovudregel bli reagert med ei inndragning av løyvet på 2 veker allereie etter første gongs brot, dersom det ikkje ligg føre særleg formildande eller skjerpande forhold.

Eit formildande moment i tildelinga av tal prikker er at det ved hotellet ikkje tidlegare er blitt avdekka alvorlege brot på alkohollova.

Ifølgje rundskriv IS-5/2008 frå Sosial-og helsedirektoratet er krav til bevis i inndragingssaker alminneleg sannsynlegheitsovervekt. Dette i tråd med forvaltningsrettens hovudregel. Kommunen har ansvaret for å føre bevis for det faktiske grunnlaget for inndragingsvedtaket.

Fylkesmannen viser imidlertid til den europeiske menneskerettskonvensjonen, som stiller krav om klar sannsynlegheitsovervekt i slike saker. I denne saken erkjenner hotellet av lovbroten har skjedd. Hotellet gir uttrykk for at lovbroten skuldast legitimasjonsforfalskning. Alkoholkontroller peikar på at vedkomande gjest legitimerte seg ved eit ordinært bankkort.

Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at Westland hotel blir belasta med 7 prikker for denne hendinga.

Dersom summen av tal prikkar kjem opp i 8 eller meir i løpet i løpet av dei neste 12 månadene frå og med hendinga 17.oktober 2014, blir skjenkeløyvet for hotellet inndrege – jfr. kommunens alkoholpolitiske plan avsnitt II – 2.10 Reaksjonar ved brot på alkohollova.

.....